

Referat styremøte HSG 24.08.10.

Tid og stad: 24.august 2010, kl 20.00-22.00, Telefonmøte
Tilstades: Steinar Steine, Nils Inge Hitland, Reidar Kallestad, Svein Misje, Egil Øvstebø.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og referat frå styremøtet 10.08.10

Innkalling, sakliste og referat godkjent utan merknader.

2. Leiarmøte 29-30. oktober 2010.

Leiarmøte i HSG vert halde fredag 29. oktober kl 10.00–15.00 i samband med Agro Hordaland.

Stad: Thon Hotel Bergen Airport, Kokstad

Program for leiarmøte:

- Avlsframgangen og spreining av denne v/Regionkonsulent i saueavl Kjell Steinar Løland. Nils Inge tek kontakt med han.
- Heimesida til HSG
- Beiteutvalet. Reidar snakkar med Helge Edvartsen, Jarle Helland og Svanhild Aksnes.

3. Agro Hordaland

HSG har dette forslaget til program på fagprogrammet for småfe laurdag 30. oktober:

- Visningsfjøs v/Anders Konglevoll
- Nybygg til sau. Reidar tek kontakt med sauehaldar i Lindås som skal bygga sauehus.
- Kva vil vi med sauehaldet i Hordaland? Utfordra Fylkesmannen. Reidar tek kontakt med fylkeslandbrukskontoret i Sogn og Fjordane og Rogaland for og få dei til og orientera om sine prosjekt for styrking av sauehaldet i fylka sine.

For endeleg program sjå www.agrohordaland.no

4. Rådsmøte i Samarbeidsrådet og årsmøte for P/L Landbrukstidskriftet Vestlandsk Landbruk

Nils Inge deltek på rådsmøte onsdag 8. september og Svein deltek på årsmøte for Vestlandsk Landbruk torsdag 9. september.

5. Avlsframgangen. Tiltak for å speia denne til flest mogleg buskapar.

Avlsutvalet har kome med forslag til tiltak for å speia avlsframgangen. Notat ligg ved.

6. Gjetarhundnemda. Tilskot frå HSG.

Leiar i Gjetarhundnemda, Audun Seilen orienterte om undersot på drifta som ein har drege med seg over fleire år. Gjetarhundnemda har stor aktivitet, og årleg tilskot frå HSG på kr 10.000 dekker ca. halvparten av dei faste utgiftene. Vedtak: HSG aukar årleg tilskot til kr 20.000. HSG overfører pengar til dekking av opparbeidd underskot.

7. Neste styremøte.

Neste styremøte vert torsdag 30. september kl 09.30-14.00.Stad Nortura Eidsvåg.

Mjølkeråen 29.august 2010.
Nils Inge Hitland